

Bli medlem i Nei til EU!

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN
OG POSTADRESSE> til
2090 (200,-)

NEI TIL EUS VERVEUKER 18. APRIL TIL 1. MAI:

– Slik kan DU gjøre en verve- innsats!

Sidene 4–5



23. JUNI 2016:

Storbritannia sier ja eller nei til EU

Side 6–7

NYTT VETT:

EØS, folkestyre og fjernstyre

Side 14–15

FYLKESLAGET:

Full fart i Sogn og Fjordane mot TISA

Side 22–23

Flere kvinner opp og fram

Hvorfor er vi ikke kommet lenger i kampen for en likestilt verden? Norske kvinner har rettigheter og muligheter mange europeiske kvinner misunner oss. På tross av kvinnelig leder i både NHO og LO, er det langt fra likestilt i norsk arbeidsliv. Norske kvinner kjemper fortsatt for lik lønn for arbeid av lik verdi, kvinner tjener 15 prosent mindre enn menn, 40 prosent jobber deltid, ni av ti minstepensjonister er kvinner. Åtte av ti rådmenn er nettopp menn. Antallet kvinnelige stortingsrepresentanter har stagnert. For omtrent 100 år siden sa Katti Anker Møller: «Kvinner er ikke likeverdige før de tjener sine egne penger». Kanskje jeg skal legge til «før de tjener like mye som menn».

Da Norges fjerde mektigste, høyesterettsjustitiarius Toril Marie Øie, 55 år, ble intervjuet av Dagens Næringsliv, ble hun spurt om hun hadde ringt foreldrene sine da hun fikk jobben, om hun skrev dikt, om hun ble fort sint, og om det var hennes maskuline egenskaper som hadde gitt henne jobben. Ville en mannlig ny høyesterettsjustitiarius fått de samme spørsmålene?

Likestillingen sliter allikevel mer i EU. Hva hjelper det at EU produserer likestillingsvedtak på løpende bånd når det er andre hensyn som tas? Kvinner i EU har fortsatt mye lavere sysselsetting enn norske kvinner.

Finske Johanna Kantola hevdet på et likestillingsseminar i fjor at likestillingsarbeidet i EU har stagnert. Kantola er kjønnsforsker ved Universitetet i Helsinki. Hun ga ikke EUs likestillingspolitikk mye skryt. I møte med økonomisk krise så vel som flykntingetilstrømmingen nedprioriteres likestillingstiltak. I effekten av EUs likestillingspolitikk så hun et økende gap mellom ord, ambisjoner og lovgivning på den ene siden og kvinners faktiske muligheter på den andre siden.

Magasinet Forbes kåret Angela Merkel til verdens mektigste kvinne i fjor, med Hillary Clinton som nummer to. Angela Merkel bør iverksette en mer aktiv likestillingspolitikk i EU, mens valgkampen i Amerika vil gi svar på spørsmålet om amerikanerne er klar for sin første kvinnelige president.

Nei til EUs historie er full av sterke og dyktige damer. Uten kvinnene hadde vi heller ikke vunnet folkeavstemningene om EU-medlemskap i Norge. Fortsatt er det flere kvinner som er

mot EU-medlemskap enn menn. I jubileumsbloggen til Nei til EU i 2014 skriver Trude Koksvik Nilsen om industribyen Rana som endte på 92 prosent nei til EU: «Karen Haukås fortalte hvordan kvinnene i Rana gikk fra dør til dør i 1972 for å samle underskrifter for avstemninga. Mange kvinner skrev under, og det hele endte med en betalt annonse i Rana Blad med alle underskriftene fra kvinnene. Riktignok ikke uten kamp, Rana Blad nektet først å trykke annonsen, men måtte til slutt slippe den inn.»

Storbritannia skal ha folkeavstemning om hvorvidt de skal forlate EU. Da jeg sammen med Oslo Nei til EU besøkte London i januar, møtte vi organisasjonene *Leave.eu* og *VoteLeave*. Der møtte vi mange menn, og kun én kvinne på hvert møte. Vi



AV KATHRINE KLEVELAND

Leder i Nei til EU

kathrine.kleveland@neitileu.no

Tegning: Pål Hansen, alias UKRUT.no

møtte også fagforeninger, politikere og en partileder, alle der var menn.

Media som BBC, The Sun, Daily Telegraph, Daily Mirror og Le Monde har ønsket våre synspunkt på det å stå utenfor EU. Da har jeg, i tillegg til folkestyre og suverenitet, trukket fram likestilling og høy kvinnelig deltagelse i arbeidslivet. Nå satser jeg på høy valgdeltagelse av begge kjønn og at de stemmer for å forlate EU.

Takk til alle mannfolk som er politisk eller praktisk engasjert i Nei til EU, men vi trenger flere aktive kvinner helt til topps i egen organisasjon. Nå er 7 av 19 fylkesledere kvinner, jeg vil ha flere kvinnelige tillitsvalgte i alle ledd.

Samtidig skal vi heie flere kvinner opp og fram i alle land – fordi de er våre søstre, og fordi det vil gi en mer rettferdig verden for alle!



Et tredelt arbeidsliv?

Asylsøkere, EØS-innvandre- re og norske uføre – hvem fortrenger hvem? Tallet på arbeidsløse har passert 120 000. Samtidig har vi fått en todeling av arbeidslivet, der mange av arbeidsinnvandrerne fra Øst-Europa må finne seg i uverdige lønns- og arbeidsvilkår langt under tariffbestemte standarder. I denne situasjonen må det nå ryddes plass i arbeidslivet vårt for noen titusener asylsøkere – og det så raskt at det ikke utvikler seg et tredelt arbeidsliv med asylsøkerne aller nederst.

På kort sikt har den frie arbeidsinnvandringen fra EØS-land vært gunstig for norsk økonomi. Men samtidig har lønnsdumping og svart arbeid ført til at det oppstår et lavlønnssjikt i arbeidsmarkedet etter etniske skiller.

Samtidig utvikler det seg nye, hensynsløse former for kriminalitet i arbeidslivet vårt. Kontrollstatene har lenge ropt varsko. Fra *Arbeidstilsynet* meldes det at «våre tilsyn kommer i kontakt med mafiavirksomhet, hvitvasking av penger, narkotika, vold, menneskehandel, prostitusjon, smugling ...».

Økokrim fastslår at «firmaer som driver med ulovligheter, er i flere etaters søkelys, blant annet på grunn av ulovlig arbeid, bruk av ulovlig arbeidskraft, svart arbeid, doble kontrakter, NAV-svindel, mathygiene, kjøp av smuglervarer, brannsikkerhet, boforhold osv».

Det er EØS som slipper løs den konkurransen som får sånne utslag – for arbeidsgiverne en konkurranse om arbeidsoppdrag, for arbeidstakere en konkurranse om jobbene.

Det er blitt for fristende for arbeidsgivere å ansette arbeidsinnvandrere som tar til takke med uforsvarlige lønns- og arbeidsvilkår. Og når først noen arbeidsgivere starter, må andre følge etter for å mestre den nye konkurransen.

For Norges del har vi for tida over 120 000 ledige, i tillegg mange under-sysselsatte og hundretusener arbeidsvillige utafor arbeidslivet – skjult i statistikkene over uføre og langtids sjukmeldte. Disse gruppene integreres enklest og raskest i arbeidslivet når det er mangel på arbeidskraft. Men det har vist seg at billig utenlandsk arbeidskraft er et altfor lett vint alternativ for mange arbeidsgivere.

EØS-tilknytningen gjør at vi verken har kontroll med omfanget av arbeids-



Asylsøkere sist i køen? Asylsøkerne risikerer å ende på bunnen av et tredelt arbeidsliv. I november besøkte statsminister Erna Solberg Sør-Varanger og fikk orientering om asylsituasjonen. FOTO: STATSMINISTERENS KONTOR



Utafor EØS kunne vi ha hindra den økende todelingen av arbeidsmarkedet

DAG SEIERSTAD

Standpunkt 2-2016

innvandringen eller hvilke vilkår arbeidsinnvandrerne tilbys når de kommer. Vi har også få muligheter til å motvirke at senderland mister godt kvalifiserte mennesker som de ville hatt god bruk for til sin egen samfunnsutvikling.

En mer regulert og fininnsikta arbeidsinnvandring kunne ha ført til gunstige resultater hvis den ble styrt dit hvor det var mangel på bestemte typer av arbeidskraft. Det ville ha dempa tendensene til todeling av arbeidsmarkedet – og det ville gitt rom for å gi arbeid til noen av de mange som i dag skyves ut av arbeidslivet fordi de ikke er «lønnsomme nok».

Utafor EØS kunne vi ha regulert arbeidskraftimporten, hindra den økende todelingen av arbeidsmarkedet og tatt opp kampen mot løsarbeider-samfunnet for alvor.

EØS-tilknytningen må vurderes ikke bare ut fra virkningen i Norge,



AV DAG SEIERSTAD

Varamedlem til styret i Nei til EU

standpunkt@neitileu.no

men også hva som skjer på arbeidsmarkedet i de landene vi er nærmest knytta til og handler med. Vår EØS-tilknytning har gjort oss medansvarlig i å fremme et liberalt markedsregime i Europa med de konsekvenser det har for inntektsforskjeller, trygghet i jobben, utstøting fra arbeidslivet og utviklingen av organisert arbeidslivskriminalitet.

EU har brukt den frie flyten av varer, tjenester, kapital og arbeidskraft på å flytte arbeidssøkende mennesker over landegrensene, i stedet for å flytte arbeidsplasser til mennesker som har bruk for arbeidsplasser i det landet der de bor. Denne masseutvandringen av arbeidskraft er valgt framfor å legge til rette for nasjonale utviklingsstrategier med tilstrekkelig kraftige virkemidler i fattige europeiske land.

Fordi Norge motstandslost lar seg innpasse i dette opplegget, bidrar vi til å fortrenge langt mer løfterike utviklingsstrategier både i Europas øst og vest.

EØS-tilknytningen innebærer at vi slutter oss til et markedsliberalt system som i mange land har ført til finansielle og økonomiske kriser, sterkt økende inntektsforskjeller, nye former for fattigdom, massearbeidsløshet og en utstøting av arbeidslivet som rammer de mest sårbare.

Norge har fått sin – moderate – del av disse problemene. EØS-tilknytningen er til hinder for at vi nasjonalt og internasjonalt kan arbeide målretta mot den urovekkende utviklingen som en ser innen europeisk arbeidsliv.



Lett å kome i kontakt. Nei til EU-nestleiar Gina Barstad (t.h.) og fylkesleiar i Hordaland, Hildur Straume, skal bli fotograferte til Standpunkt, men klarer å samle underskrifter til Ut av EØS-kampanjen.

FOTO: GABRIEL STEINSBEKK

VERVEVEKER 18. APRIL TIL 1. MAI:

– Bli med i vervedugnaden!

– Det er viktig for Nei til EU å få fleire nye medlemmer, seier **Gina Barstad og Hildur Straume**. Standpunkt møtte dei for hjernedugnad om vervekampanjen.

Nei til EU skal ha ei vervekampanje i 2016. Det viktigaste elementet er dei to vervevekene, veke 16 og 17, som blir sparka i gang av rådsmøtet 16. og 17. april.

– Vi har ambisjon om å bli ein større organisasjon og treng slagkrafta som medlemmer gjev oss, seier Gina Barstad,



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no

nestleiar i Nei til EU.

– Vi treng fleire medlemmer både for å ha tyngde om det blir EU-kamp igjen, men også for dagsaktuelle saker.

Vervekampanjen har valt å fokusere på ei dagsaktuell sak, handelsavtalen TISA, som no er under forhandling.

– TISA er ei svært aktuell sak no og ei sak som treng meir vind i segla. Vi vil bruke verveaksjonen både for å få fleire medlemmer og for å få opp aktiviteten omkring TISA i Nei til EU.

Mål om 500 nye

Vervekampanjen har eit mål om å verve 500 nye medlemmer. Hildur Straume, leiar i Hordaland i Nei til EU, meiner

det er eit krevjande, men realistisk mål.

Gina legg til at ingenting er betre enn om vi klarer å verve enda fleire enn det vi har som mål.

– Det vil vere veldig bra om laga set seg ei eiga målsetning om kor mange dei vil verve, seier ho.

– Vi satsar på å ha aktivitet i heile organisasjonen i dei to vekene. Vi lagar eit eige flygeblad om TISA og ein vervepakke til lokallaga og fylkeslaga. Ulike lag trivst med ulik aktivitet, så det blir ein meny av ulik aktivitet som laga kan velje å drive med, seier Gina.

– Opne møte og å skrive lesarinnlegg er også aktuelle aktivitetar. Det er vanskeleg å måle effekten av eit lesarinnlegg som vervetiltak, men det gjer organisasjonen meir aktuell og synleg, og aukar effekten av dei andre tiltaka.

Standverving og telefonverving

Ein aktivitet for laga er å stå på stand.

– Eg har stor tru på å stå på stand, både for å vere synleg i gatebiletet og for å verve medlemmer. Då vi var ute for å bli fotograferte, var det mange som tok kontakt, så det er lett å kome i kontakt med folk om ein forsøker,



Vind og sol. Hildur Straume og Gina Barstad strevar med Ut av EØS-rollupen i vinden. Heldigvis kan Nei til EU tilby eit strandflagg med same motiv. Det skal tåle vinden betre. FOTO: GABRIEL STEINSBEKK

seier Gina, som legg til at dei ikkje fekk verva nokon under fotograferinga, men fekk eit par Ut av EØS-underskrifter.

– I april er det vonleg fint vår mange stadar, så då passar det godt å stå på stand. Det beste er om ein kan stå på stand saman med andre, gjerne nokon med erfaring saman med dei nye.

– Og det er sjølvstendig viktig at dei som står på stand ikkje berre snakkar med dei andre på standen, seier Gina.

– Ja, det er viktig at vervinga har fokus og ikkje er noko som ein spør om i forbifarta. Vi må gå direkte på folk og spørje om dei vil bli medlem, seier Hildur, som sjølv ikkje er så glad i å stå på stand, men er ein meister på telefonverving.

– Eg har ikkje funne ein betre måte å verve på enn å bruke telefonen. Eg vonar sentralt har gode tiltak som passar til oss, seier ho.

– Det er ingen verkemiddeldiskriminering her, forsikrar Gina.

– Alt som gjev medlemmer er topp!

Vervar på lister

Hildur fortel at Hordaland har stor suksess med å verve på ringelister.

– Vi ringer til lister frå kommunevalkampen. Vi har ringt til kandidatane frå SV, Raudt og Senterpartiet, og det har gjeve god effekt. Nesten annankvar vi ringer til vil bli medlem. Og vi har fleire kommunar igjen å ringe til, fortel ho.

– Eg har fått folk til å bestemme seg om å bli medlem i diskusjonen på telefonen. Dei seier gjerne at EU-saka ikkje er aktuell no. Då fortel eg om EØS-avtalen. Og då hender det at folk seier at, jau, kanskje dei må vere med likevel.

Mange moglege aktivitetar

Vervekampanjen skal ha eit spesielt fokus på TISA.

– TISA-temaet kan til dømes vere

Vi treng fleire medlemmer både for å ha tyngde om det blir EU-kamp igjen, men også for dagsaktuelle saker

GINA BARSTAD

Nestleiar i Nei til EU

aktuelt som tema for eit ope møte. Dette kan vere eit godt tilbod både til nye og gamle medlemmer, seier Gina.

– Ein av aktivitetane våre i Hordaland er gjenverving. Det er ein del EU-motstandarar som trur dei er medlemmer i Nei til EU, sjølv om dei har ramla ut av medlemsregister. Då er det viktig å ha oppdaterte lister tilgjengeleg slik at ein kan stadfeste om personen er medlem eller ikkje.

Gina fortel at vervekampanjen også vil bli marknadsført på nettsidene og sosiale media.

– Vi vil ha ei digital vervekampanje på Facebook og nettsidene, der vi både spreier informasjon, men også vil verve medlemmer direkte. Eg har fått mange til å signere EØS-oppropet ved hjelp av Facebook og vil gjere det same i vervekampanjen.

Sentralt vil bruke nettsidene og sosiale media, men også mange fylkeslag har eigne Facebook-sider som det er viktig å bruke.

– Vervekampanjen er også eit høve til å få omtale i lokalmedia om at Nei til EU har aktivitet på gang. Det er fint å sende ut ei pressemelding, men det er alltid best å ta direkte kontakt med journalistar i redaksjonen.



Vervekampanjen 2016

■ Landsmøtet i Svolvær i 2015 vedtok at organisasjonen skal gjennomføre aksjonsuker for medlemsverving i 2016. Siden da er planlegginga godt i gang, og det er bestemt at det blir aksjonsuker i april, nærmere bestemt uke 16 og 17. I perioden 18. april til 1. mai vil det gjennomføres ulike vervetiltak i hele organisasjonen og over hele landet.

■ Målet er å få flest mulig nye medlemmer til organisasjonen, og vi håper på å få verva minst 500 nye medlemmer i løpet av de to ukene. Sentralt jobber organisasjonsgruppa med å lage en vervepakke som skal sendes ut til organisasjonen i midten av mars.

Pakka vil inneholde tips og triks, gode argumenter for medlemskap, praktisk info, forslag til vervetiltak og liste over materiell som kan bestilles.

■ Vi håper at så mange som mulig av de nåværende medlemmene engasjerer seg i kampanjen og verver ett nytt medlem eller flere. Vervetips nummer én er å tørre og spørre! Er naboen med i Nei til EU? Kjæresten, kollegaen, vennen din eller tanta di? Nei til EUs arbeid har støtte blant et flertall av befolkninga, så det er ingen grunn til at vi ikke skal kunne klare å verve mange nye medlemmer!

■ Det er viktig for en grasrotbevegelse som Nei til EU å ha mange medlemmer. Sammen er vi sterke, og vårt politiske budskap styrkes av at vi har mange medlemmer i ryggen. Nei til EU er en viktig kraft for å forhindre norsk EU-medlemskap

Gjør en innsats!

■ Hvis du har lyst til å bidra under verveaksjonsukene kan du gjøre det på flere måter. Du kan verve naboen og melde fra til Nei til EU sentralt, du kan ta kontakt med lokal- eller fylkeslaget ditt og si at du vil være med eller du kan hjelpe oss ved å spre verveinfo på sosiale medier. Ønsker du å få tilsendt vervepakka kan du sende en e-post til neitileu@neitileu.no.

■ Det aller, aller enkleste og beste er å verve folk ved å oppmuntre dem til å melde seg inn via SMS. Da blir de medlem og betaler med en gang, og vil få en velkomstpakke i posten innen kort tid. Send sms: NEITILEU (navn, postadresse og e-postadresse) til 2090. De belastes 200 kr på telefonabonnementet sitt og blir medlem ut året, enkelt og greit.



AV TRUDE KOKSVIK NILSEN

trude.koksvik.nilsen@neitileu.no



23. JUNI HAR BRITANE FOLKERØYSTING OM EU-MEDLEMSKAP:

Skremmer med Noreg

Dei britiske EU-tilhengarane skyr ingen overdrivingar for å **sverte den norske EU-utanforska-pen**. Men britiske og internasjonale media viser stor interesse for Nei til EU sine synspunkt.

Kva har BBC, Times of London, The Telegraph, Le Monde, Daily Mirror og The Sun til felles? Dei, og enda fleire, britiske og internasjonale media har teke kontakt med Nei til EU for å få kommentarar og synspunkt på kvifor Noreg framleis står utanfor EU.

– Nei til EU er ikkje vande med så stor internasjonal medieinteresse, seier Kathrine Kleveland, leiar i Nei til EU.

– Det er svært spennande og morosamt, men dei spør stort sett om det same. Dei vil vite kvifor EU-motstanden står så sterkt i Noreg, korleis Noreg har klart seg utanfor EU, korleis den norske økonomien klarer seg og om

Noreg er eit faksdemokrati, styrt frå Brussel.

– Vi svarar at omsynet til demokratiet og folkestyret er den viktigaste grunnen til å stå utanfor EU. Noreg har klart seg svært godt utanfor EU. Norsk økonomi trassa spådomane frå ja-sida i 1994, har hatt jamt betre utvikling enn EU-landa, og arbeidsløysa har vore lågare, seier Kleveland.

– Når det gjeld EØS-avtalen, presiserer eg i kvart intervju at Nei til EU ønskjer å erstatte den med ein handelsavtale, seier ho.

– Men det er ingen tvil om at dei britiske EU-tilhengarane overdriv kor omfattande EØS-avtalen er. Til det

får dei god hjelp av norske politikarar, diverre. Det er jo dessutan heller ikkje slik at EØS-avtalen vil vere ei spesielt aktuell løysing for britane dersom dei går ut av EU.

Skremmer med Noreg

Den britiske statsministeren David Cameron har vore ute fleire gongar og skremt med den norske EU-tilknyttinga, mellom anna med at Noreg må godta tre firedelar av EU-reglane.


– Eg tek stadig oppatt at Noreg har innført mindre enn 10 prosent av lovene og reguleringane som EU har innført i perioden 2000–2013. Nei til EU har gått gjennom alt EU har innført av direktiv og lover år for år og kan dokumentere tala med fakta, seier Kathrine Kleveland.

No får David Cameron likevel støtte frå opposisjonsleiaren. Jeremy Corbyn, den nyvalde og radikale leiaren av det britiske Labour-partiet, meiner dei



**AV SINDRE
HUMBERSET**

sindre.humberset@
neitileu.no



Hjelper kollegaen.

Statsminister Erna Solberg vitjar sin britiske kollega David Cameron i Number 10 i februar. Erna Solberg stiller opp når Cameron treng hjelp til å overtyde britiske veljarar om at den norske EU-tilknytninga ikkje er noko for dei.

FOTO: NUMBER 10

Corbyn skremmer med Noreg.

Jeremy Corbyn, leiar for det britiske Labour-partiet, meiner dei norske erfaringane tilseier at britane bør bli i EU.

FOTO: GARRY KNIGHT



norske erfaringane med EU viser at britane bør bli verande i unionen.

– Vi kan berre beskytte interessene til Storbritannia om vi har ei sterk stemme på øvste hald. EU treng reform, men om vi melder oss ut, må Storbritannia framleis følgje EU sine reglar om vi ønskjer å drive handel med medlemslanda. Då har vi ingenting vi skulle ha sagt når nye reglar og vedtak blir stemt over. Det har Norge fått erfare, uttalte Jeremy Corbyn til Klassekampen 1. mars.

– Vi har trua på at Storbritannia og britiske arbeidrarar har det betre i Europa. Vår kampanje vil vere forskjellig frå Dei konservative sin kampanje. Vi ønskjer å bli verande i unionen for å verne om millionar av jobbar som er knytt til britisk handel med EU og arbeidare sine rettar, som Labour-regjeringa var med på å vinne fram i Brussel, og som no er beskytta under lovverket i EU, heitte det frå Corbyn.

Latterleg av Corbyn

Nestleiar Trond Giske i Arbeidarpartiet meiner det er latterleg å bruke Noreg som eit skrekke-døme i Brexit-debatten.

– Hva er det Corbyn frykter, spurte Trond Giske i Nationen 3. mars.

– Jeg tror ikke at «Det kan gå oss

like ille som i Norge» fungerer som skremsel. Norge kåres jevnlig til det beste landet i verden å bo i. Vi har hatt den laveste arbeidsløsheten i hele Europa gjennom finanskrisen. Vi har et av de sterkeste velferdssystemene, den minste forskjellen, den største tryggheten og den største tilliten, i tillegg til fred og velstand. How bad can it get, liksom? Hva er det Corbyn frykter, spurte Giske, som framleis meiner at EØS-avtalen er den beste tilknytninga til EU for Noreg.

Solberg støttar Cameron

Statsminister Erna Solberg uttalar seg gjerne til britisk media med støtte til David Cameron sitt budskap om å bli verande i EU.

– De er veldig interessert i Norge, sa Erna Solberg til NTB 2. mars.

– Interessen intensiveres ganske mye akkurat nå. Norge blir nok mer interessant når det kan settes inn i konteksten av en britisk diskusjon.

– EØS-avtalen er en veldig god avtale for full markedsadgang på de områdene vi ønsket. Men det er lovverk vi tar til oss uten at vi direkte påvirker det selv. Det er det demokratiske underskuddet Norge alltid har hatt når vi har vår tilknytning gjennom en EØS-avtale. Jeg sier ikke at vi ikke har innflytelse. Men jeg sier vi må fungere som en lobbyorganisasjon, sa Solberg til NTB.

– Tragikomisk

Trond Giske meiner det har vore svært viktig for Noreg å stå utanfor euroen.

– Det er veldig morsomt, eller kan-



Kathrine Kleve-land.



Trond Giske.

skje heller tragikomisk, at da oljekrisen traff Norge, ble Norges største eurotilhenger, statsminister Erna Solberg (H), reddet av at vi står utenfor euroen, sa Giske til Nationen.

– Solberg sier det er en av de viktigste årsakene til at Norge kan møte krisen på en god måte. Lav kronekurs styrker norsk konkurransevne og eksport. Men det kunne aldri skjedd om vi hadde hatt euro. Det er et paradoks at den ivrigste tilhengeren for at Norge skulle være med i euro, bruker det at vi ikke er med som det viktigste argumentet for hvorfor vår konkurransevne styrkes, sa Giske.

– Brexit viktig for Noreg

Kathrine Kleve-land understreker også at det vil bety mykje for oss i Noreg om Storbritannia går ut av EU.

– Dersom Storbritannia går ut av EU, er landet avhengig av å få på plass ein handelsavtale med unionen. Det vil, slik vi ser det, aktualisere EØS-debatten i Noreg, seier Kleve-land.

– EU-eliten vil ikkje ta inn over seg at stadig meir union er svaret på eit spørsmål folk i Europa ikkje har stilt. Eit klart fleirtal i Storbritannia har vore mot denne utviklinga heile vegen, utan at det har påverka tempoet i integrasjonsprosjektet, seier Kathrine Kleve-land.

– Nei til EU ønskjer britane velkomne ut av EU! Ein Brexit vil bli til stor inspirasjon for alle som kjempar mot EUs stadig tettare integrasjon. Nei til EU ønskjer lykke til med valkampen!

PUBLIKASJONER FRA NEI TIL EU

Årbok: Sammenbrudd for Schengen? – 225 kr (medlemspris)



15 år etter at Norge ble assosiert medlem i Schengen, har flyktningkrisen satt Schengen i spenn. Boken tar for seg de viktige utviklingstrekkene og konfliktlinjene i EU, og undersøker hva Schengen betyr for Norge. Redaktør: Morten Harper. 160 sider.

Folkestyre eller fjernstyre? – 60 kr



Folket vedtar Norges lover gjennom Stortinget, men gjennom EØS-avtalen vedtas mange lover med påholden penn fra EU. Beslutningsmyndighet over norske borgere og bedrifter er overført til overvåkingsorganet ESA og egne EU-byrå i strid med Grunnloven. Anbudsregelverket, forbudet mot offentlig støtte og mange andre regler gjør at EØS også inntar landets kommunestyresaler. Tema for Nei til EUs skriftserie VETT nr. 1 2016 er EØS-avtalens betydning for demokrati og selvstyre. Hefet er skrevet av Morten Harper. 48 sider i farger.

I tjeneste for samfunn eller selskap? – 60 kr



Trade in Services Agreement – TISA – er avtalen om tjenestehandel som EU, USA, Norge og tyve andre land forhandler om. Målet for TISA er full liberalisering av tjenester, der utenlandske selskaper får rett til å operere på det norske markedet på lik linje med nasjonale selskaper. Nei til EUs skriftserie VETT nr. 3 2015 er 48 sider i farger.

EU-guiden: Verden er større enn EU – 60 kr

VETT 2-2015 er en ny versjon av EU-guiden, med en oppdatert og lett tilgjengelig innføring i EU-systemet, hva som er hovedproblemene med unionen og hvilke muligheter og fordeler Norge har utenfor EU. Hefet dekker fem tema: folkestyre, solidaritet, velferd og handel, miljø og ressurser samt handlefrihet. 48 sider i farger.

Fersk fakta og analyse

- På engelsk: 9 or 75 per cent in the EU?
- Februar: Spillet om Storbritannia
- Januar: EØS-midler med liten økonomisk effekt
- Januar: Sirkulærøkonomi – henger EU-forslaget sammen?

Aktuelle arbeidsnotat

- 1-2016: Schengen i spenn
- 1-2015: Synet på norsk suverenitet i omlegging – grl § 93

Last ned fra Nei til EUs nettsider:

www.neitileu.no/kunnskapsbank

NYTT NYHEITSBREV KVAR VEKE:

Få nyheitsbrev våre du også!

Nei til EU har gjennomført ei brukarundersøking for å sjå kva mottakarane av nyheitsbrev våre ønskjer seg. Resultatet er at **to nyheitsbrev blir slått saman til eitt**, som kjem kvar veke.

Fram til nyttår hadde Nei til EU fire elektroniske nyheitsbrev: Daglege medieklipp med nytt om EU-saka frå inn- og utland, Steinrøysa som kom annankvar veke med hovudsakleg organisasjonsstoff, fagleg nyheitsbrev og kvinnepolitisk nyheitsbrev som kom nokre gongar i året med stoff om sine felt. I februar vart medieklippa og Steinrøysa slått saman, og første utgåva av eit nytt nyheitsbrev sendt ut.

Vil ha EU- og EØS-nytt

For å kome fram til ei løysing som er best mogleg for flest mogleg, vart det gjennomført ei brukarundersøking. Undersøkinga vart sendt til alle 705 mottakarane på EU-nyheter-lista, alle 4654 på Nettverksbrev-lista, samt alle registrert med verv i Nei til EU. Sidan mange av disse er i fleire kategoriar, kan vi rekne med at om lag 5000 personar har motteke undersøkinga.

Før undersøkinga vart stengt hadde vi motteke 327 svar, altså ein svarprosent på rundt 6-7 prosent. Svara ga oss nyttige innspel på korleis vi skal utforme den nye nyheitsbrevløysinga vår.

90 prosent vil ha nyheiter

Av dei som svarte på undersøkinga ønskjer 90,1 prosent EU- og EØS-nyheiter frå media, 69,4 prosent ønskjer nyheiter om aktivitetar i Nei til EU og 41,1 prosent ønskjer informasjon om nytt materiell frå Nei til EU. Ut frå svara var det også tydeleg at berre eit fåtal ønskte daglege medieklipp. Det store fleirtalet ønskjer altså innhaldet i både medieklippa og i Steinrøysa, men berre ein liten del har behov eller ønskje om dagleg nyheitsbrev. Dermed har vi slått saman dei to i det nye Nyheitsbrev frå



Mediebildet

Storbritannia, Schengen, og Erna åpner for EU-grensevakter



Meld deg på nyheitsbrev

Meld deg på nyheitsbrev her: <http://neitileu.no/nyheitsbrev>

Nei til EU, som kjem ein gong i veka, med både EU- og EØS-nyheiter frå media og organisasjonsstoff.

Satsar meir på sosiale media

Som ein del av omlegginga ønskjer vi å kunne prioritere sosiale media høgre. Nei til EU har over 23 000 følgjarar på Facebook og over 4000 på Twitter. Av dei som svarte på brukarundersøkinga er det om lag ein tredel som følgjer Nei til EU på sosiale media. Ein tredel er på sosiale media, men følgjer ikkje Nei til EU, og den siste tredelen er ikkje på sosiale media. Vi kan altså ikkje nå alle berre med nyheitsbrev eller berre med sosiale media. Men gjennom omlegginga av nyheitsbrev får vi frigjort noko arbeidstid, som vil bli brukt på sosiale media, slik at vi kan følgje opp dei viktige kanalane noko tettare.

Tre nyheitsbrev

I tillegg til det nyoppretta nyheitsbrevet har vi to andre nyheitsbrev, som kjem sjeldnare. Fagleg nyheitsbrev vert produsert av fagleg sekretær og fagleg utval. Nyheitsbrevet inneheld informasjon om fagrørsla og Nei til EU. Kvinnepolitisk utval gjev ut kvinnepolitisk nyheitsbrev, som tek for seg nytt om likestilling og kvinnekamp som er relevant for Nei til EU.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no



Samanbrot for Schengen. Statsminister Erna Solberg meiner Schengen-systemet har brote saman, og at det er behov for å styrke grensekontrollen. Her er ho på møte med EU-kommisjonspresident Jean-Claude Juncker i Brussel. FOTO: UTANRIKSDEPARTEMENTET

EU VIL OVERTA GRENSEKONTROLLEN:

Erna opnar for EUs grensevakter

I februar var statsminister **Erna Solberg** klar på at suvereniteten ikkje skulle svekkast. I mars opna ho likevel for at EU kan overta grensekontrollen mot landa si vilje.

EU si yttergrense har kollapsa, og EU ønskjer å sette inn ei europeisk grense- og kystvakt utan samtykke frå medlemslanda. I februar var Erna Solberg klar på at medlemslanda sin suverenitet ikkje skal svekkast. I mars opnar ho for EU-framlegget om å overta grensevakta mot medlemslandet si vilje.

EUs grense- og kystvakter

Før nyttår kom EU med eit framlegg om eit nytt europeisk byrå for grense- og kystvakt, basert på det eksisterande grensebyrået Frontex. Dersom eit EU- eller Schengen-land ikkje klarer å kontrollere grensene sine sjølv, skal det nye grensebyrået kunne overta grense-



Ska Keller.
FOTO: WIKIMEDIA



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no

kontrollen, uavhengig av om om landet ønskjer at EU skal ta over.

I februar meinte Erna Solberg at Schengen-samarbeidet har brote saman, og at det er behov for å styrke grensekontrollen.

– Men vi mener det er nasjonalstaten selv som først og fremst skal ivareta Schengen-forpliktelsene. Vårt utgangspunkt, og det har vi vært på tydelige på, er at landenes suverenitet ikke skal svekkes, sa ho til Aftenposten 23. februar.

Erna meir positiv i mars

I eit brev Erna Solberg skreiv til SV og dei andre partileiarane i mars var ho derimot meir positiv til EU sitt grense-

kontrollframlegg. Der skreiv ho, ifølgje Aftenposten 3. mars, at regjeringa «har vært skeptisk, men ikke avvisende» til EU sitt framlegg.

Må vedtakast med ¾ fleirtal

Senterpartileiar Trygve Slagsvold Vedum reagerer på brevet frå Erna Solberg.

– Det betyr at regjeringen, når alt kommer til alt, vil støtte EUs forslag om at byrået for grense- og kystvakt kan overta et lands grensekontroll, mot dette landets vilje. Da åpner man, prinsipielt sett, også for at fremmede styrker kan overta norsk grensekontroll, selv om det er lite sannsynlig at så skjer, sa Trygve Slagsvold Vedum til Aftenposten 3. mars.

– Det er suverenitetsavståelse og må vedtas med 3/4 flertall i Stortinget.

Motstand i EU-parlamentet

EU-kommisjonen sitt grensekontrollframlegg møter motstand også i EU-parlamentet. Ska Keller, EU-parlamentarikar frå det Dei grønne i Tyskland, meiner framlegget vil gje EU-grensebyrået fullmakter på eit nivå ein ikkje har sett før, og utan naudsynt innsyn og kontroll.

– Kven er det som styrer? Kven er ansvarleg for brot mot grunnleggjande menneskerettar, til dømes? Det er eit problem om fullmaktene til Frontex og medlemslanda vert blanda saman, sa Ska Keller til Euobserver.com 1. mars.

INTEGRASJONEN FUNGERER IKKJE:

EU knakar under krisene

Flyktningkrise, euro-krise, mogleg Brexit. EU sine integrasjonsprosjekt fungerer ikkje. Kva er EU sitt svar?

Meir integrasjon.

Det kan godt hende at EU klarer å kome gjennom krisene med både euroen, Schengen og alle medlemslanda på plass. EU har kome gjennom djupe kriser før. Men det kan også hende at EU-leiinga må innsjå at integrasjonsprosjektet har gått for langt, utan at medlemslanda, innbyggjarane eller økonomien var klare for det.


EU kan godt leve med at Storbritannia går ut, men om euroen eller Schengen bryt saman, vil det vere verre å kome gjennom. Uansett har EU og innbyggjarane likevel mista minst ti år der utviklinga har gått feil veg, med høge kostnader, både økonomisk og sosialt.

Integrasjon utan folket

EU skal ikkje få skulda verken for den økonomiske krisa eller flyktningkrisa. Men Brussel-eliten si stadig tettare integrering dei siste tjue åra har gjort krisene mykje djupare. Euroen vart innført utan at folket vart høyrte. Sve- rige og Danmark var dei einaste som hadde folkerøystingar om euroen, og begge stadar vart det nei-fleirtal.

«Mange advarte mot å innføre en felles valuta uten en felles finanspolitikk, men EU-lederne overså dem: Man kunne jo alltid fylle på med mer politikk senere. La euroen ble etablert som halvfabrikat la grunnlaget for at et knippe euroland kunne bygge opp en enorm statsgjeld, men velte byrden over på andre euroland – valutaen hadde de jo felles. Dette kostet dyrt, både politisk og økonomisk, og i Hellas raser krisen fortsatt. Den er fortsatt en stor belastning for hele EU-systemet», skreiv Frank Rossavik i Aftenposten 26. februar.

I fleire omgangar vedtok EU nye traktatar som overførte stadig meir



Frank Rossavik.



**AV SINDRE
HUMBERSET**

sindre.humberset@
neitileu.no



makt til unionen, og det toppa seg med planane om ei EU-grunnlov. I 2005 fekk folk i Nederland og Frankrike lov til å uttale seg om grunnlova, og sa nei. EU valde då å innføre det meste av endringane gjennom Lisboa-traktaten, som folk ikkje fekk røyste over.

Britane har vore skeptiske til den sterke integreringa, og no toppar frustrasjonen med EU-prosjektet seg i folkerøystinga dei skal ha i juni.

Schengen-krise

Schengen-avtalen viste seg ikkje å takle den store straumen av flyktningar. «Asyl- og innvandringspolitikken er nok et av disse europeiske halvfabrikatene. Schengen-avtalen avskaffet intern grensekontroll og skulle bringe frem felles ekstern grensekontroll. Men landene beholdt selvråderett over asylpolitikk og innvandringspolitikk», skreiv Rossavik.

«Dessuten har det nå vist seg at samholdet – viljen til å finne felles løsninger og samarbeide om byrder – knekker straks det kommer en stor utfordring. Regjeringer kan sitte rundt et bord i Brussel og tilsynelatende bli enige, og deretter reise hjem og gjøre

noe helt annet.»

«Resultatet er – som vi ser – at grenser stenges igjen, passkontroll gjeninnføres. Det kan fort true det indre markedet, EUs kanskje største suksesshistorie.»

Fungerer ikkje i krise

Janne Haaland Matlary, professor i internasjonal politikk ved Universitet i Oslo, har tidlegare vore tydeleg på at Noreg bør bli EU-medlem så snart som råd. No er norsk EU-medlemskap heilt uaktuelt, og omtalen av EU-prosjektet langt meir kritisk.

– EUs makt har ikke vært fysisk. EU har holdt på med å deregulere. NATO har stått for den sikkerhetspolitiske garantien. Det er når vi får sikkerhetsproblematikken som migrasjonskrise, at vi ser at EU ikke fungerer. I krisetider som nå, er det nasjonalstatens prosess som bestemmer, sa Matlary til ABC Nyheter 11. februar.

– Det er når det er stille at EUs avreguleringer fungerer. Nå må nasjonalstatene gjøre jobben med grensekontroll. Men det er ikke de som bygger murer, versus globalistene. Kontroll med yttergrensene er en del av Schen-



gen- og Dublin-avtalene, sa ho.

Matlary meiner globaliseringa og EUs indre marknad, som Noreg er del av gjennom EØS, favoriserer kapitalengarane.

– En investor kan gå globalt. Arbeidskraften kan neppe gjøre det. Nå får fattige migranter lavstatusjobber som mange i nasjonalstatene vil ha. Vi har jo nå rekordhøy arbeidsløshet.

Vil ha vekk EU-parlamentet

Også i 2014 kom Janne Haaland Matlary med svært krass kritikk av EU-prosjektet.

– Et demokrati på EU-nivå er umulig. EU-parlamentet er EUs største demokratiske problem, sa Matlary på Europabevegelsen sin Europakonferanse 7. november 2014, ifølgje ABC Nyheter.

– Å tenke på et supernasjonalt EU-demokrati, er urealistisk. Derfor er EU-parlamentet et så stort problem for demokratiet i EU, sa Matlary.

– EU-parlamentet er det største demokratiske problemet som et parallelt parlament. Det har fått betydelig makt. Men hvem representerer EU-parlamentarikerne? De er stemt inn fra par-



Janne Haaland Matlary.

tier i nasjonalstater, men representerer ikke nasjonalstaten. Tvert imot, de gjør som de vil, de koster mye penger og de har masse makt. De er valgt av veldig få og står ikke ansvarlig overfor dem.

EU-demokrati umogleg

Matlary har ikkje tru på at eit overnasjonalt demokrati er mogleg.

– Det bør ikke overraske oss at nasjonal identitet er vår nøkkelidentitet, sa professoren.

– Det er ingen mulighet for demokrati på europeisk nivå. Jeg skulle gjerne sett en føderasjon, men tror ikke på det. Jeg mener en mer mellomstatlig EU er fremtiden og må følges opp med sterkere demokrati nasjonalt, sa ho.

Prestisjen hindrar fornufta

Eit meir mellomstatleg EU ville truleg ha vore i betre tilstand enn det EU vi ser i dag. Kan ei utvikling i retning av mindre overnasjonalitet vere løysinga for EU framover, slik Matlary føreslår? Lite tyder på at vi vil få svaret på det spørsmålet. For uansett kva problemet er for EU, så er svaret uansett meir og tettare integrasjon.



Samarbeid mot TTIP og TISA

■ LO i Namsos og Namsos Nei til EU arrangerer informasjonsmøte om TTIP og TISA.

– Hvis du fortsatt ikke vet hva TTIP og TISA er for noe, da bør du kanskje begynne å bekymre deg, for det er faktisk ikke meningen at du skal vite noe om dem, sier Hanne Lise Fahsing i LO i Namsos og omegn til Namdalsavisa 1.mars.



Amnesty: – Undergrev asylretten

■ Amnesty International meiner avtalen mellom EU og Tyrkia undergrev retten til å søke asyl.

– EU og tyrkiske leiarar har i dag nådd eit nytt lågmål når dei hestehandlar bort rettane og verdigeita til nokre av dei mest sårbare menneska i verda, seier Iverna McGowan i Amnesty.



TTIP: Strid om klor-kylling

■ Klorkyllingen er blitt et symbol for TTIP-motstanderne i Europa. Forbrukerrådet mener en TTIP-avtale kan utløse en ny EU-debatt her hjemme.

– Ja, det kan det, sier Audun Skedsvoll i Forbrukerrådet, til Aftenposten 6. mars.

– Det handler fundamentalt om vår mulighet til å ta selvstendige, politiske beslutninger. Det kan bli et demokratisk problem, sier han til Aftenposten.

Schengen bryt saman. Schengen-avtalen avskaffa intern grensekontroll, men medlemslanda skal framleis ha ansvar for asyl- og innvandringspolitikken. Viljen til å finne løysingar er liten. Biletet viser flyktningar som blir redda ombord i redningsskøyta Peter Henry von Koss i middelhavet.

FOTO: KRIPOS



Uruguay mot TISA. Roberto Chiazzaro, parlamentariker fra Frente Amplio (sosialistpartiet), til venstre og Fernando Cambera, internasjonal sekretær i PIT-CNT (Fagforbundet i Uruguay), til høyre.

FOTO: TORI AARSETH

INGEN NEGATIVE KONSEKVENSER VED Å GÅ UT AV TISA-FORHANDLINGENE:

TISA-forhandlerne står med ryggen mot folket

I fjor høst trakk både Uruguay og Paraguay seg ut av TISA-forhandlingene. Standpunkt har tatt en prat med to av dem som jobbet for å få **Uruguay ut av TISA**.

— **D**et er veldig gode nyheter! sier Roberto Chiazzaro.

Vi treffer Chiazzaro, som sitter i parlamentet i Uruguay for sosialistpartiet Frente Amplio, og Fernando Cambera, internasjonal sekretær i Uruguays fagforbund PIT-CNT, på toppen av Fagforbundets lokaler i

Oslo. De to, som kjenner godt til Nei til EU fra før, er invitert til å snakke om sin kamp mot TISA på et seminar arrangert av en rekke norske fagforeninger. Standpunkt har akkurat fortalt dem om Nei til EU-landsmøtets krav om at Norge må gå ut av TISA-forhandlingene.

– Det var en europeisk fagforening

som fortalte fagforeningen til de offentlige arbeiderne i Uruguay at landet vårt var med i forhandlingene, sier Cambera.

– Vi visste absolutt ingenting. I begynnelsen sa utenriksdepartementet at man bare skulle dra dit for å observere. Rundt februar i fjor fikk vi greie på at de likevel hadde søkt om å delta, og ble en del av forhandlingene rundt april 2014. De hadde løyet om hele prosessen.

– Parlamentet ble heller ikke konsultert, legger Chiazzaro til.

– Det var gjennom fagforeningene



AV TORI AARSETH

tori.aarseth@neitileu.no

Når du forhandler om en sånn avtale uten å fortelle om det, så står du med ryggen mot folket ditt. Det er rett og slett anti-demokratisk

ROBERTO CHIAZZARO

Parlamentariker fra Frente Amplio i Uruguay

at vi politikere fikk greie på TISA-forhandlingene, og vi fikk informasjonen vår fra WikiLeaks. Når du forhandler om en sånn avtale uten å fortelle om det, så står du med ryggen mot folket ditt. Det er rett og slett antidemokratisk.

Bekymret for de svakeste

De to aktivistene fra Uruguay deler mange av Nei til EUs bekymringer rundt TISA. Både motstand mot privatisering, nasjonal selvbestemmelse og det å forsvare rettighetene til de svakeste i samfunnet var blant hovedårsakene til mobiliseringen mot TISA i Uruguay.

– Poenget med negativ listing er at, selv om vi kan gå inn i forhandlingene med absolutt alt vi har i dag på lista og ikke forhandle om det, så vil alt som kommer i ettertid, både med tanke på teknologi og på andre lover og regler som man ønsker, automatisk være del av avtalen. Skralleklausulen gjør at du ikke kan gå tilbake på det som allerede er implementert, og hvis et land skal foreslå nye lover etterpå, så må det først konsulteres med de andre medlemslandene. Vi ser at arbeidsrettigheter, forbrukerrettigheter, rettighetene til småbønder og de svakeste i samfunnet, kan bli krenket innenfor kombinasjonen av disse tre faktorene.

Chiazzaro peker også på den totale ubalansen i maktforholdet mellom i-land og u-land.

– Avtalen forhandles jo utenfor WTO-systemet, og da går man fra et multilateralt system der man kan forhandle i blokk til et plurilateralt system som gjør at man forhandler mer stat mot stat. [Plurilateralt: Mer enn to land, men ikke mange. Red. adm.]

– De multinasjonale selskapene prøvde å få til alle de tingene som det nå forhandles om i TISA gjennom Do-

ha-runden i WTO, men utviklingslandene krevde åpning for landbruksvarer til gjengjeld. Det var ikke i-landene interesserte i, og da stoppet det opp. Denne typen stopp-mekanisme finnes ikke i TISA-forhandlingene.

Veien til seier

Uruguay har også et spesielt forhold til sine offentlige selskap, og dette var noe av det som utløste den store motstanden i fagbevegelsen.

– I Uruguay har det vært lang tradisjon for å forsvare de offentlige og nasjonale selskapene, forklarer Cambera.

– På nittitallet var det faktisk folkeavstemning om privatisering av tjenester under nyliberalismen. Når TISA-forhandlingene ble kjent, begynte arbeiderne som jobbet i offentlig sektor å tenke på framtida til alle de offentlige selskapene som finnes i Uruguay innenfor telekommunikasjon, vann, elektrisitet, banktjenester, og så videre. Når vi tok utgangspunkt i dette, spredte saken seg inn i fagforeningenes programmer, og man begynte å ta det opp på møter. Det neste skrittet var å ta saken til det politiske planet for deretter å få det ut til hele folket i Uruguay.

– Samarbeidet med fagforeningene har vært veldig viktig, i tillegg til samarbeid med flere andre sosiale organisasjoner og bevegelser, legger Chiazzaro til.

– Først var det ikke helt behagelig å skulle gå inn på en diskusjon om å trekke seg fra TISA-forhandlingene innad i regjeringskoalisjonen, for det var jo den samme koalisjonen som hadde gått inn i forhandlingene. Men vi bestemte oss for at det var nødvendig. Høyresida ville heller prøve å påvirke innholdet i TISA gjennom forhandlingene, men vi visste at det ville være helt umulig at vi skulle klare å endre på innholdet. Den regjeringen vi har i dag, har en annen forståelse av hva internasjonalt samarbeid burde være, en mye mer regional forståelse som er helt det motsatte av det TISA representerer.

Ingen negative konsekvenser

Da Frente Amplio begynte å jobbe for å få Uruguay ut av TISA, fikk man fra mange hold høre den sedvanlige skremmelspropagandaen om at dette kom til å få konsekvenser.

– Sannheten er at Uruguay ikke har fått en eneste negativ følge av at vi har trukket oss ut! Det ble veldig godt tatt hos veldig mange, sier Chiazzaro.

– Jeg tror at folk er smarte og oppgående. Når du informerer om hva som vil være konsekvensene av noe, så forstår folk det. Her i Norge har dere jo tradisjon for å si nei, for eksempel til å være med i EU. Jeg er veldig glad for at folk i Norge begynner å se på dette med TISA, men hvilken vei dere tar, må være opp til dere.



Les Standpunkt før alle andre!

■ No kan du spare miljøet medan du les Standpunkt. Nei til EU vil no tilby Standpunkt, Vett og andre publikasjonar som elektroniske abonnement.

■ I staden for å få Standpunkt og Vett pakka i plast i postkassa, kan du no få avisa tilsendt til e-postadressa di, slik at du kan lese den på lesebrettet eller datamaskina di.

Standpunkt som e-avis

■ Her kan du teste e-avisa: <http://www.neitileu.no/kunnskapsbank/publikasjoner/standpunkt> http://issuu.com/nei_til_eu

■ Vil du registrere deg som e-avisabonnent? Send ei melding til: medlem@neitileu.no



Lær mer om TISA

■ Her er nyttige ressurser om TISA:

